



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykker:
Vår: 14/4207 - 14/14160

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
12.06.2014

Oversending av søknad om dispensasjon til uttale - gbnr 21/1 til 7 Hindenes ytre

Saka gjeld søknad om etablering av flytebryggjeanlegg på 19x18 meter. I breidde vert det 2 meter bryggje og 2x8 meter utliggjar, i lengda (frå land) vert det 2x8 meter bryggje og gangbru til land. Det er sameiget Hindenes ytre som er søker.


Det er søkt om fritak for nabovarsling, då tiltaket kun grensar opp mot sameiget sine eigedommar.

Bergen og Omland Havnevesen har gjeve positiv uttale etter hamne og farvasslova i brev datert 20.02.2014.

Planstatus

Tiltaket det vert søkt om ligg innanfor område avsett til småbåthamn S28 i kommuneplanens sin arealdel. I kommuneplanen sin punkt 6.14 er det gjeve unntak frå plankravet for denne småbåthamna dersom tiltaket er innanfor ein storleik på 15 x10 meter.

Tiltaket det vert søkt om her går ut over storleiken i føresegna til kommuneplanen, og krev såleis dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen sin føresegn 1.1.



VURDERING



I dispensasjonssøknaden er det vist til følgjande:

I føresagnene i den nevnte arealdelen er det sett ei maksimumsgrense på 10x15 m for eit slikt anlegg. Det er å bemerke at med ei slik begrensing vil det vera umulig å få etablert eit flytebryggjeanlegg som er tjenleg for sjølv båtar som i dag er å rekna for små. Me snakkar då om båtar på opptil 30 ft. – desse vil kreve utliggjarar på min. 8 meter på begge sider av ei bryggje med normal breidde på ca. 2 meter.

Dette momentet/behovet var det semje om på det nevnte møte, og det vart råda til å søkje om dispensasjon frå føresagnene vedrørande dette.

Flytebryggjeanlegget må reknast for å vera lite –
breidde tot. 18 meter x lengde(frå land) tot.19 meter.

Anlegget vil vera klart innanfor det avmerka området for slikt anlegg –S28, og på denne bakgrunn er det å forventa at det vert gjeve dispensasjon slik det vart antyda på det nevnte møte.

Heile tiltaket skal liggja innanfor området som i kommuneplanen er avsett til småbåthamn, område S28. I utangpunktet er det gjeve unntak frå plankravet her, dersom tiltak ligg innanfor den angjevne storleik i kommuneplanen. I søknden er det vist til at den storleiken som planen opnar for er lite teneleg, sjølv for små båtar.

Det er i søknaden vist at anlegget i hovusak skal tene til sameiget sitt eige bruk.

Etter ei førebels vurdering av tiltaket er administrasjonen positiv til ein dispensasjon i denne saka.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Siril Therese Sylta
konstituert fagleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om løyve til tiltak - GBNR 21/1-7 Hindenes ytre - flytebryggje

Opplysningar om tiltakets ytre rammer

Søknad om dispensasjon

Redegjørelse og kart

Søknad om ansvarsrett

Uttalelse/vedtak frå annen off. myndighet

Vedlegg

Kommuneplankart 21.1 til 7

Kopi til:

Geir Atle Hindenes

Hindenesvegen

5993

OSTEREIDET

832

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN